

Haugesunds Avis, reportasje 26.05.2023

OED`s invitasjon til folkemøte i Ølen onsdag 24.05.2023

om ny 420kV overføring Blåfalli – Gismarvik.



MASTER: Grunneigar Nils Inge Eikeland fryktar at han får to 30 meter høge 420 kV kraftmaster tvers gjennom beitet sitt om den planlagte Blåfalli - Gismarviklinja blir bygt som luftspenn.

FOTO:SIGMUND HANSEN

Fryktar kraftmaster midt i beitet

Håpar på jord- og sjøkabel

I går kom folk frå to departement, pluss fem frå Statnett, på besøk i beitet til gardbrukar Nils Inge Eikeland.

SIGMUND HANSEN
redaksjonen@h-avis.no

VINDAFJORD: Bonden i Øvre Vats håpar det nyttar. Men han fryktar at han får to 30 meter høge 420 kV kraftmaster tvers gjennom beitet sitt om den planlagte Blåfalli - Gismarviklinja blir bygt som luftspenn.

- Eg har levert alternativt forslag over Eikelandstjørna, men hittil har dei ikkje høyrte på meg, seier Eikeland.

Han håpar han «får snudd dei».

Aller helst håpar vatsbonden på at «dei driftige damene i Etne» som frontar sjø- og jordkabel i staden, vinn fram.

Lenger ute på Haugalandet er tonen ein heilt annan.

Dei ber innstendig om meir kraft og bygging nå. Tysværs ordførar, Sigmund Lier (Ap), sa at hans kommune var godt fornøgd med planprosessen som

Statnett og NVE har gjennomført.

Det har vore lytta til «fornuftige innspel», sa Lier og minna om at det står om forsyningsikkerheit for både Haugalandet og kommunar som Stord, Bømlo og Fitjar. Søknaden om kraftlinja ligg no til avgjerd i Olje- og energidepartementet før alt blir formelt godkjent hos Kongen i statsråd.

- Me må ha meir straum, blant anna til cruisebåtane. Me er pålagt av EU å ha dette på plass innan 2030. Hvis ikkje er det slutt på cruiseturistar, blant anna til Åkrafjorden, sa maritim direktør i Karmsund Havn, Geirmund Eikje.

To leirar

På folkemøtet som Olje- og energidepartementet arrangerer i Ølen onsdag kveld, kom det fram at regionen er delt i synet på den framtidige kraftkabelen. Begge sider vil at det skal koma ein kabel som fører ny kraft utover til Haugalandet.

Men medan Etne kommune, Haugesund turistforening og ein del grunneigarar også i Vindafjord og Tysvær talar for sjø- og jordkabel, talar adm.dir..

Bernt Jæger i næringsforeninga for at nå må ikkje Haugaland-regionen «mista momentum med endå fleire tidkrevande utgreingar».

Konsernsjefen i Haugaland Kraft, Pablo Barrera, sa at 25 store bedriftskundar står i kø for å få tilført meir straum.

- Dette er aktørar me ikkje har plass til i forsyningsnettet i dag. Nye kunder må venta til tidlegast 2027. Den nye Blåfalli - Gismarviklinja er truleg fullbooka før ho er bygt ferdig (tidlegast i 2027). Og etter 2030 må me også ha ei ny kraftlinje på plass mellom Sauda og Gismarvik, sa konsernsjef Barrera.

Nei tilsjøkabel

Prosjektleiari Kari Eika i Statnett sa at dei rår ifrå å leggja lengre jord- og sjøkablar på strekninga, men dei har gjort endringar etter at dei fekk innspela.

I Etne vart Strypeheia vald i staden for Litledalen.

I Tysvær er det nå eit forslag om å kryssa Skjoldafjorden via Kvalen og parallelt med linja frå Sauda kryssa Førlandsfjorden ved Klovning vidare til Gismarvik.

Ved Kvalen i Skjoldafjorden

blir mastene 60 meter høge, resten blir 30 meter høge.

- Byggestart kan tidlegast skje sommar eller hausten 2024. Og byggetida er tre til fire år, sa Eika.

- Etne åleina

- Eg veit at Etne står åleina blant dei berørte kommunane. Men me krev i det minste at alle berekraftige løysingar, som jord- og sjøkabel, blir skikkeleg utgreidd. Det har ikkje skjedd. Me har berre fått eit notat der sjøkabel blir avvist. Eg fryktar at kraftlinja Blåfalli - Gismarvik blir den siste kraftlinja som ikkje får med seg som eit krav at sjø- og jordleidning skal utgreiast like grundig som andre alternativ, sa varaordførar Kenneth Karlsen (Frp) i Etne.

- Konsekvensutgreiingane frå NVE har store manglar. Hårlandsnepane som ein ny turistattraksjon er heilt utegløymd. Det same gjeld Etnes kultur- og historiske landskap. Statnett er altfor kraftbransjevennlege, sa Kristin Golf frå Etne Venstre.

Dag Neraal i «Forum for jord- og sjøkabel» i Etne sa at Stortinget snarast må oppheva sitt gamle vedtak frå 2011 om at 420



MOTSTANDARAR: Grethe Tesdal og Dag Neraal i Etne kommune.

kV leidningar «som hovedregel» skal gå i luftspenn. Jord- og sjøkabel har mange fortrinn.

- Luftspenn er gått ut på dato. I Norge har me glimrande maritim teknologi som kan ordna alt som «flyt på sjøen eller blir lagt på sjøbotnen».

Neraal, som sjøl har jobba med røyrledningar i sitt yrkesliv, kalla påstanden frå Statnett om at sikkerheten i jord- og sjø er dårlegare enn i luft, for «tull frå A til Å».

Grethe Tesdal frå Etne hadde helst sett klimaminister Barth Eide på folkamøtet i Ølen.

Ho minna om at han skreiv under på FNs handlingsplan for klima og uttalte etterpå at «det er eit sjølstendig, politisk mål å stoppa tapet av natur» (i Norge).

Departementsfolka og fem frå Statnett reiste langs traseen torsdag i Vindafjord og Tysvær. I dag er det Etne sin tur.

Då inviterer aksjonistane i Etne gjestene frå Oslo på det dei kallar «Bålkaffi og kabelkaker» i Strypeheiane.



KLAR TALE: Ingeborg Hansen tok babyen med på talarstolen og ba politikarane i regionen stå på naturen si side og krevja kraftkabelen i sjø og nedgravd i jorda.



MÅ HA MEIR STRAUM: Maritim direktør i Karmsund havn, Geirmund Eikje.